

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anne Kristin Rafoss	FE - 033, FE - 014	15/668

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
095/2015	Kommunestyret	PS	29.10.2015

## Val av formannskap for valbolken 2015-19

### Vedlegg:

Rundskriv H-1215 - val av formannskap, ordførar og varaordførar

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Rådmannen har ikkje framlegg til vedtak men viser til framlagt liste(r) i møte.**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunevalet vart halde den 14. september 2015.

Val av formannskap skal haldast i konstituerande møte innan utgangen av oktober månad, jf kommunelova § 17 nr 1. og 2.

#### Fakta

I Masfjorden kommune er det fem medlemmer i formannskapet.

Medlemmer og varamedlemmer til formannskapet vert valt for fire år og skal veljast av medlemmene i kommunestyret. Det er berre dei faste medlemmene i kommunestyret som kan veljast til formannskapet. Valet skal skje som forholdsval når minst eitt medlem krev det, jfr. § 8 nr 2 i kommunelova, og elles som avtaleval. Reglar om forholdsval finn ein i kommunelova § 36 og reglar om avtaleval finn ein § 38a.

Ved val til folkevalde organ som etter lova berre består av medlemmer av kommunestyre, og ved val av arbeidsutval for folkevalde organ, skal reglane om kjønnsmessege representasjon følgjast så langt det er mogeleg. Ved forholdstalsval til eit utval på fire eller fem personar, skal kvart kjønn vere representert med minst to på listeframlegga, jf kommunelova § 36 nr 2. Ved avtaleval stiller kommunelova § 38a nr 3. krav om at det skal vere kjønnsmessege balanse mellom dei medlemmene som blir valde, når ein ser på organet under eitt.

Ved forholdstalsval kan kvar liste innehalde inntil dobbelt så mange forskjellige namn som det skal veljast medlemmer til formannskapet. Kvar liste blir tildelt så mange varamedlemmer som ho får medlemmer + to.

Ved avtaleval vert det lagt fram ei innstilling med forslag til kandidatar til formannskapet. Innstillinga skal splittast opp slik at ein nemner medlemmer og varamedlemmer frå kvar

gruppe med partinemning. Varamedlemmer vert slik ikkje varamedlemmer for andre enn dei faste medlemmene frå vedkomande parti. Det er ikkje høve til å stille ei felles vararepresentantliste for formannskapet, jf kommunelova § 38a.

### **Vurdering**

Tradisjonen i Masfjorden kommune er at formannskapsmedlemmene er personidentiske med medlemmene i kraftfondstyret og valstyret, men desse utvala må oppnemnast av kommunestyret sjølv i eigne saker. Dette betyr og at viss ein i løpet av perioden ønskjer å søke fritak for eit verv i formannskapet, må ein søke samla fritak frå alle dei verva ein er valt til gjennom vedtak i kommunestyret.

Plan og bygningslova av 2005 opna for at planutvalet vart eit valfritt organ, og Masfjorden kommune valde å dele plansakene mellom Teknisk Utval og formannskapet, jf delegeringsreglementet.

### **Konklusjon**

## **Kommunestyret - 095/2015**

### **KS - behandling:**

Møteleiar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Frode Langhelle (H) ba om at formannskapet vart valt ved forhåndstalsval om las opp forslag til formannskapsmedlemmer og varamedlemmer i prioritert rekkefølge. Det vart ikkje lagt fram andre lister. Lista vart godkjent og det vart delt ut slik røystesetel:

### **Formannskapet for valbolken 2015 –2019 er:**

<b>namn</b>	<b>parti</b>	<b>varamedlem</b>	<b>parti</b>
Karstein Totland	H	1. Janne-Judith K Sandnes	FrP
Torill Torsvik Størkersen	Ap	2. Egil Kvingedal	V
Frode Langhelle	H	3. Ragnvald Tangedal	Ap
Siri Tangedal Kratzmeier	KrF	4. Lene Hansen Kvamsdal	H
Geir Egil Haugsvær	Sp	5. Bjørn Egil Nordland	Ap

### **Røysting:**

Oppteljinga viste 16 røystesetlar for framlegg frå H .

### **KS - vedtak:**

### **Formannskapet for valbolken 2015 –2019 er:**

<b>namn</b>	<b>parti</b>	<b>varamedlem</b>	<b>parti</b>
Karstein Totland	H	1. Janne-Judith K Sandnes	FrP
Torill Torsvik Størkersen	Ap	2. Egil Kvingedal	V

Frode Langhelle	H	3. Ragnvald Tangedal	Ap
Siri Tangedal Kratzmeier	KrF	4. Lene Hansen Kvamsdal	H
Geir Egil Haugsvær	Sp	5. Bjørn Egil Nordland	Ap
		6. Bjarte Andvik	H
		7. Wenke Fredheim Ekren	H